

Tiltak iverksett og vegen på Fet er mykje betre.

29.03.2018



Svingen framstår i dag som turr og fin og det er ikkje vanskar med framkomsten.

Utkøyring av tømmer frå Eikedalen til velteplassen på Nedre Fet med kryssing av Fylkesvegen medførte problem nokre dagar for trafikantane. Store beltegåande maskinar drog med seg mold og gjørme som var liggjande att i vegen. I tillegg kom det vatn frå lia som rann i beltespora og ned til Fylkesvegen. Tiltak er alt iverksett for å retta på skaden og dermed ulempene for gåande og for bilistane.

Grunneigar Geir Enes beklagar det som har skjedd. Teleløysinga og mykje vatn var den direkte årsaka. Vegen er skrappt fleire gonger og entreprenøren Hjelmeland Hogst har grøfta og ført vatnet inn i kumme lenger oppe på beite. Straks dette var gjort, vart svingen og vegen mykje betre. Det er Vestskog som er kjøpar av tømmeret og skal dermed sjå til at alle formelle vedtak og godkjenningar er på plass.

Grunneigar presiserer at han hadde ein alternativ utkøyringsveg til velteplassen ved Eikebrua, og det utan vegkryssing. Men då dukka det opp eit anna problem. Den gamle hovudvassledningen frå Eikeeleva går i denne traseen. Ei kryssing ville truleg meført vassbrot og skade på ledningen.

Det er meldt turt og fint ver resten av påsken. Slik vegen framstår no, er det ikkje problem å ta seg fram i svingen ved Hagahjørna.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal